

Nyttilsett kyrkjemusikar i Valle og Bykle



Namn:
Eirik Hodnemyr
Alder: 24 år
Sivilstatus:
gift med Benedikte
sidan førre året
Bur på Kvarstein i
Vennesla

Tilknytning til Valle/Bykle:

Min familie har hatt hytte i Brokke sidan 2010. Der har eg vore mykje gjennom åra. Har og vore vikarorganist ved ein-skilde høve dei siste åra i både Valle og Bykle.

Programerklæring for musikktenesta:

Eg har lyst til at kyrkja skal vere ein stad man kan få gode, kulturelle opplevingar, og der me saman med lokale krefter utviklar kyrkjemusikken til noko som vekker begeistring.

Andre interesser:

Eg er oppteken av lokalhistorie, geografi og stadnamn. Blant anna kan eg nummera på alle fylkesvegane i Agder, og kva for salme som står på same nummer i salmeboka. Ein noko snever interesse, kanskje. Eg likar òg å oppleve naturen, og eg legg ikkje skjul på at det er ein god bieffekt med å arbeide i kyrkja i Øvre Otredal. Så tykkjer eg det er svært gildt å verte kjend med nye menneske, og eg har allereie vorte kjend med mange kjekke folk den korte tida eg har vore tilsett her. Takk for ei god mottaking!

Gudstenester

Skjærtorsdag 17. april kl. 16 Friluftsgudsteneste på Brokkestøylen.	Sundag 27. april Kl. 11 Gudsteneste i Fjellgardane kyrkje Kl. 16 Gudsteneste i Hylestad kyrkje
Langfredag 18. april KL. 11 Pasjonsgudsteneste i Hylestad kyrkje Kl. 11 Friluftsgudsteneste v. dagparkeringa på Hovden	Laurdag 17. mai Kl. 12 Familiegudsteneste i Fjellgardane kyrkje Kl. 16.30 Familiegudstenete i Hylestad kyrkje
Påskedag Sundag 20. april Kl. 09 Gudsteneste i Bykle kyrkje Kl. 11 Gudsteneste i Valle kyrkje	Onsdag 21. mai Kl. 17 Konfirmantanes gudsteneste i Bykle kyrkje Torsdag 22. mai Kl. 17 Konfirmantanes gudsteneste i Valle kyrkje

Munnharpespelar og bedehusmann forts. ...

Trur du at å akseptere at dette må vi som menneske forhalde oss til var viktigare før?

Ja, det trur eg. Vi les i Bibelen at Gud er den same til alle tider, så då må menneske forhalde til det bibelen seier om både frelse og fortaping. Gud er kjærleg, men også heilag. Eg meiner at me må ta Bibelen meir på alvor. I våre dagar er det mykje forvirring rundt dette, og ein får ofte inntrykk av at menneske sjølv kan definere kva som er sant og rett innan alle område av livet. Diverre bidreg norske biskopar sterkt til denne forvirringa. Absolutte sanningar passar liksom ikkje inn i tidsånda i dag. Det er difor viktig å vere klår over at Gud kan aldri meine noko anna enn det som står i Bibelen. Utfordringa i våre dagar er faktisk ikkje at Bibelen er uklar, men at den er så klar. Alt som står der er ikkje like lett å akseptere, men det er alltid sanninga me les når me opnar Bibelen.

Eg kjente det som at eg stod på eit val den hausten for rundt 6 år sidan, at det var viktig å bestemme seg. På loftet her heime sat eg ein kveld og såg på Facebook og YouTube. Svein Inge Olsen, leiar for Protestfestivalen, la ut nokre fine ord på Facebook om visesongaren Stein Ove Berg, som tidlegare hadde delteke på Protestfestivalen. Eg ville sjå etter noko musikk med Stein Ove på YouTube, men vart i staden merksam på eit intervju med han, der han fortalte at han hadde blitt frelst og hadde fått eit nytt liv. Intervjuet med visesongaren måtte eg sjå tre gonger og bestemte meg då for å vende meg til Jesus.

«Eg har opplevd det som godt å finne min plass på Nomeland bedehus og mellom kristne. Fleire gonger har eg bruka munnharpa på møte og tilskippingar og har kjent at dette var velkomne innslag. Styret på bedehuset opplever eg som svært dugande både åndeleg og når det kjem til praktiske ting.»



Redaksjon

Vegleiarer er gjeven ut av Valle og Hylestad sokneråd, og Bykle sokneråd.

Redaktør: Toralv Frøysaa Lie som i dette nummeret har rådført seg med Sissa Ringstad, Olav Mosdøl og Bjørgulv T Berg. Bjørgulv har intervjuet Sigurd Brokke.

Send gjerne ris / ros og innspel til stoff på e-post post@valle.kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA
Bykle, Valle og Hylestad



Påskenummer - 2025

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

Påskebodskapen er levande og aktuell, og «kan gje deg visdom til frelse ved trua på Kristus Jesus»
2. Tim 3,15 Er me vise tek me imot Guds ord som dei gjorde når evangeliet først kom til Europa gjennom apostelen Paulus si forkynning.

I Berøa tok dei imot Ordet med all godvilje og granska dagleg skriftene og såg etter om alt stemde. Mange av dei kom då til tru, ... Ap.gj. 17,11 - Toralv Frøysaa Lie, sokneprest i Valle og Bykle

«Ver ikkje redde! De leitar etter Jesus frå Nasaret, den krossfeste. Han er stått opp, han er ikkje her. Sjå her er staden der dei la han! Mark 16,5-6

God påske!



Ætt skal fylgje ætterad

Døypete i 2025

Bykle sokn

4.01. Isak Egeland Bakken i Bykle gml

16.02. Matheo Virgil Tanilon Nesland i Fjellgardane kyrkje

Valle og Hylestad sokn

19.01. Vegard Bauge Rysstad i Hylestad kyrkje

2.02. Gustav Rysstad i Hylestad kyrkje

2.03. Leah Åmlid Erlandsen i Hylestad kyrkje

16.03. Ylva Uppstad Berge i Valle kyrkje



Liv Andrea Mosdøl er illustratør og biletkunstnar. Ho har illustrert biletet dei får som blir døypet i Bykle og Valle.

På biletet står bøna «Eg faldar mine hender små i takk og bøn til deg.» Tekst Torbjørn Egner og omsett av Halldis Moren Vesaas.

Avlidne i 2025

Bykle sokn

Åge Drengson Bakken f. 1939 d. 6.01.

Torbjörg H. Berdalen f. 1932 d. 22.02.

Sigrid Trydal f. 1936 d. 1.03.

Valle og Hylestad sokn

Gunhild Brokka f. 1948 d. 28.01.

Ingrid Haugen Rysstad f. 1969 d. 10.02.

Torjus O. Nomeland f. 1925 d. 16.02.

Frå Vegleiaren i 1941

Organist i Valle kyrkje

Valle sokneråd vedtok på siste møte å arbeida for å få fast organist ved Valle kyrkje. Interesserte bør melda seg til formanne, sokneprest Aasulv Austad. Får me berre den rette mann eller kvinne med evner i den leid, skal ikkje lita råd hindra. Då tar me heller opp spørsmålet om å gjeva han eller ho fri ellerdelvis fri utdanning. For det er mange som ynskjer dette. Det ovannemnde gjeld også Hylestad.

Nytt kyrkjegolv i Valle kyrkje.

Soknerådet førde på siste møte opp kr 400.00 til nytt kyrkjegolv. Me vonar me snart kan få det, så ikkje kulden skal vera til hinder.

Klokkarposten ved Valle kyrkje

skal lysast ut til våren, med tiltreding 1. juli 1942. Løna vert kr. 352.00 for året.



Kvar onsdag samlar bebuarar og gjester elles seg til dagsenter på Bykle bygdeheim. Eg kjenner det er godt å kome inn og møte dei. Denne dagen er det desse som er her. *Ruth Trydal, Åshild Hoslemo, Ingfrid Trydal, Olav Gjerden, Solfrid Hoslemo, Solveig Haugen, Gyro Trydal og Bente Trydal.* Dei har berre godord å seie om dei som steller her. Inne på stoga held dei fleste på med å strikke. Det blir til babytepper som skal gå til fortidleg-fødte avdelinga på sjukehuset i Kristiansand.

Eg spør dei om konfirmasjon i eldre tid. Åshild fortel at dei var 7 konfirmantar det året ho vart konfirmera i Bykle kyrkje. Det var ein maidag i 1945 og ho var kledd i ein fotsid kvit kjole. Det var ikkje så vanleg med bunad den gongen. Då for dei med hest og kjerre frå Hoslemo og ned til kyrkja. Olav vart konfirmera i 1948 og då var det fortsatt Åsulv Austad som var sokneprest. I 1963 vart Gyro konfirmera i Hylestad kyrkje av Sokneprest Jens Bjel-land. Dei andre er tilflyttarar og konfirmera andre stader.

Lene Grorud og Erling Dåsvatn i kjøpcenteneste



Sigurd Brokke

- munnharpespelar og bedehusmann

Med utsikt til Hovet/Bjørgum og Rysstad bur Sigurd Brokke på slektsgarden i Brokke. For dei fleste er han nok mest kjent som ein framifrå utøvar på munnharpe, dette enkle, men svært gamle instrumentet.

Du kjem frå ei slekt med mange sølvmedar og musikarar, men det var ikkje sølvmed du vart?

Eg får trøste meg med at eg er vaktmeister på den flotte gull- og sølvmedlinja i Valle og at eg i ungdomen selde mykje sølv hjå gofa og seinare morbror min på Sylvartun, smiler han. Men å gjere sølv har eg aldri prøvd.



Kva tid byrja du å spele munnharpe?

I 1997 melde eg meg på eit nybyrjarkurs. Etter eit par år med øving vart det etterkvart ein del speling, både på kappleikar, arrangement og som kurshaldar. I det seinare har eg minka noko på dette. Fleire talentfulle personar er med og dreg «lasset» for å halde tradisjonen i hevd.

Du var ikkje akkurat tenåring då du starta karriera som musiker?

Nei, eg var 25 år, så eg var godt vaksen. Ettersom eg vart mykje aktiv innan folkemusikken, vart eg etterkvart vald inn i styret til Setesdal Spelemannslag, der eg var leiar i 6 år på rad. Eg vil seie at det er det før nemnde nybyrjarkurset i munnharpe som er utgangspunktet for alt eg seinare har vore med på innan kulturen.

Eit anna «kapittel» du har bruka mykje tid på er Vallemål, innsamling av dialektord for Valle Mållag. Når starta dette arbeidet?

Arbeidet med innsamling av ord byrja hausten 2002. No er me i 2024, så det er godt 22 år. Me som arbeider med dette samlast i alle fall ein kveld i veka. Denne veka har det blitt to kveldar som gjekk med til dette.

Kor mange ord er samla inn?

Det er ikkje eit mål at det skal vere mest mogeleg ord, men at lista skal vere så god som råd. Til no er det samla inn 15 300 ord, og så veldig mange fleire kjem det kanskje ikkje inn.

De er fleire i denne «språkgruppa» og endå er det nokre nye ord som venter på plass i Vallemål?

Ja, nye ord kjem stadig inn, men me ser likevel ei viss nedgang. Etter 22 år er vel heller ikkje dette så unaturleg. Pr. idag er det berre 50 ord att som må gjerast ferdige, så det er ein milepel å sjå at ordlista er i ferd med å fullførast. Arbeidet inneber altså ikkje berre å finne nye ord. Kvart einaste ordet skal leggest inn i programmet med forklaring, bøyning, lydfil, døme på bruk og andre opplysningar. Til somme ord bør det helst vere med bilete. Det ville vore ein fordel om ein kunne få inn fleire bilete til orda på nettsida.

Har de kontakt med andre som held på med liknande prosjekt eller med t.d. Universitet?

Dugnadsarbeidet med vallemål.no har vorte lagt merke til, så fagfolk innan språk, og andre mållag, har absolutt synt interesse for det me driv med.

Veit du om andre liknande prosjekt?

Akkurat no la Åseral kommune ut ei liknande side som er i starten. Somme mållag har òg laga liknande nettsider. Åsdølane har spurt oss litt til råds undervegs. Det er vel rett å seie at vi er ein slags «pionerar» innan dette og at standarden for arbeid med ordinnsamling på internett er det me som har sett. Professor Arne Torp sa det om lag slik: «Valle Mållag har det eldste målet i Noreg å forvalte, men dei er samstundes dei mest moderne i presentasjonsforma».

Dei sist åra har folk opplevd deg som møteleiar og andaktshaldar i kristen samanheng.

Du har engasjert deg som leiar på Nomeland bedehus og tatt med deg instrumentet ditt og Korleis fanga dette miljøet interessa di?

I ettertid meiner eg at vi i barneskulen på Hylestad skule på den tid eg gjekk der hadde den beste kristendomsundervisninga ein kunne få, med lærarar som var meir eller mindre engasjerte i kyrkje og bedehus. Det førte ikkje til at eg følgde den interessa i barne/ungdomsåra. Eg var ingen ivrig gut på sundagsskulen og Fredagsklubben på Nomeland bedehus seinare. Det virka noko strengt for meg. Ein kan vel seie at eg var på avstand frå Gud i svært lang tid.

Men du fekk det du kallar nokre «input» undervegs?

Ja, eg kan nemne eit par av dei. Då eg starta som vaktmeister i Valle kommune i 1997, på Hylestad skule var det ein ungdom frå Åraksbø i sivilteneste som heitte Gudmund Nordgarden. Han var ein tydeleg kristen, svært musikalsk og dugande i det heile, og gjorde eit stort inntrykk på meg. Eg hadde mange samtaler med han og tykte det var svært interessant. Han vart sjuk og døydde ikkje lenge etterpå. Som vaktmeister har også Hylestad soknehus vore eitt av mine ansvarsområde. Kvart år arrangerte Norsk Luthersk Misjonssamband den storjulemessa for heile Setesdal. Gjengen frå heile dalen som kom og stelte i stand dette store arrangementet synt ei glede og engasjement, det virka som dei hadde noko som også kunne vere noko for meg.

Livet mitt gjekk mest i same spor til for ca 6 år sidan. Då kom ei tid med mange vonde ting, mykje sjukdom og død. Den gode kameraten min, Bjørgulv Holen, som til dømes laga det omfattande registreringsprogrammet til vallemål.no, til gratis bruk for mållaget, døydde plutselig. Mor mi fekk same året kreft og gjekk bort etter kort tid. Det er vel so at ein kjenner behovet for noko som er større enn oss sjølve i slike tide. Eg visste at Gud har skapt alt, og bestemmer alt, og at livet difor har eit alvor over seg. Bibelen seier at livet har to vegar, ein til frelse og ein til fortaping. Det er difor eit alvor med å leve og dette alvoret kan kjennest sterkare i vanskeleg dagar.